



17. august 2017

Høyringsvar til forslag til lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen

Vi viser til høyringsbrev frå Olje- og energidepartementet 10.5.2017 og takkar for moglegheita til å komme med innspel på det nye lovforslaget.

Fleire stadar i verda har det i lengre tid vore gruvedrift i grunne farvatn, men når det gjeld utvinning av mineral frå havbotnen er interessa raskt veksande, og den første gruvedrifta på store djup på havbotnen kan bli opna allereie i 2019 av det kanadiske selskapet Nautilus, på 1600 meters djup utanfor Papua New Guinea. I Noreg har kommersielle selskap allereie for sju år sidan søkt om å få leite etter mineral på norsk sokkel. Lovverket er dermed slett ikkje i forkant av utviklinga, og Naturvernforbundet, Sabima og Greenpeace er einig i at det er på høg tid med eit oppdatert regelverk. Vi meiner derimot at forslaget til ny lov som no er på høyring ikkje er tilstrekkeleg til å hindre alvorlege miljøødeleggingar som følgje av å opne opp for gruvedrift på havbotnen. I staden burde det innførast eit moratorium på mineralutvinning på havbotnen inntil det er gjort grundige kartleggingar av økosystema som vil bli berørt, inntil ein har fått bukt med miljøutfordringane knytt til landbasert gruvedrift, og inntil det har blitt gjennomført ei skikkeleg vurdering på det reelle samfunnsmessige behovet for å opne opp havbotnen for mineralutvinning.

Bør ein opne opp for gruvedrift på havbotnen i Noreg?

Vi reagerer på at det kjem ein lov som har som formål å «legge til rette for undersøkelse og utvinning av mineralforekomster på kontinentalsokkelen» (§1-1) der hovudmålsettinga i følgje merknader til § 1-1 er «en samfunnsøkonomisk lønnsom forvaltning av mineralressursene» utan at det først har vore diskutert om det i det heile er miljømessig forsvarleg å opne opp for gruvedrift på havbotnen.

Havet er allereie under stort press frå menneskeleg aktivitet. Forsuring og endring i økosystema som følgje av klimaendringar, forureining frå gruvedrift og anna verksemd, overbeskatting av marine ressursar og plastforsøpling er berre nokre av utfordringane havøkosystemet står ovanfor. Endringane vi ser i økosystema, den kraftige nedgangen i sjøfuglbestandane og det høge nivå av miljøgifter på toppen av næringskjedene er nokre av varselklokkene som blinkar og fortel oss at den samla belastninga allereie er alt for stor. Å opne opp for gruvedrift på havbotnen vil gje stor risiko for ytterlegare forureining og tap av biologisk mangfald.

Når vi veit at tradisjonell, landbasert gruvedrift har store miljøutfordringar knytt til tap av natur og forureining, stiller vi oss skeptisk til om det er no er riktig å opne opp for mineralutvinning også på havbotnen. I staden for å opne opp sårbare havområde for miljøødeleggingar som følgje av gruvedrift meiner Naturvernforbundet, Sabima og Greenpeace at regjeringa bør prioritere å bruke ressursar på å redusere forbruket av mineral, auke attvinninga og legge til rette for betre utnytting av eksisterande ressursar ved å redusere avfallsmengda i eksisterande gruvedrift.

Dei ikkje-fornybare mineralressursane må bli utnytta så godt at alt ein tek ut må bli brukt. Overskotsmasse frå gruvedrift må bli sett på som ressurs, ikkje som avfall. Ved høgare utnytting og betre ordningar for gjenbruk av mineralressursar vil det vere mykje mindre behov for ny gruvedrift.

Bør vi hente opp minerala som finst på havbotnen?

Mineral er ikkje-fornybare ressursar, og det er derfor viktig med ein restriktiv politikk. Det er viktig å stille spørsmål ved om det er eit reelt internasjonalt behov for dei aktuelle ressursane, og ikkje berre ein etterspurnad i marknaden eller ønske om arbeidsplassar i gruveindustrien. Vurderinga av samfunnsmessig behov må ikkje minst inkludere ei vurdering ut i frå dagens overforbruk av ressursar og solidaritet med komande generasjonar, som også vil ha behov for metall og mineral. Vurderingar av berekraft og forbruk viser at ein internasjonalt, og spesielt i vår del av verda, må arbeide for ein kraftig reduksjon av forbruket, noko som også vil seie sterkt redusert uttak av ikkje-fornybare ressursar som metall og mineral.

Sett i lys av dei store miljøkonsekvensane mineralutvinning på havbotnen vil kunne føre til, må det vere sterke samfunnsøkonomiske interesser til fordel for utvinning for at dette skal vere aktuelt å vurdere. Sånne som vi ser det er det i dag ikkje behov for å utsette havet for den påkjenninga mineralutvinning på havbotnen vil vere.

Først etter at ein har fått kontroll på den tradisjonelle gruvedrifta og har gjennomført ei skikkeleg vurdering på det reelle samfunnsmessige behovet for metall og mineral, sett i lys av verdas overforbruk og ressursituasjon, kan ein vurdere om gruvedrift på havbotnen er nødvendig, og om det kan skje slik at havmiljøet ikkje blir skada.

Aktuelle område for mineralutvinning på norsk sokkel

I høyringsutkastet blir det vist til at den midtatlantiske ryggen, spesielt nord-nordøstover frå Jan Mayen til Framstredet mellom Svalbard og Grønland (Mohnsryggen), samt brattskrentane av Jan Mayen-ryggen og Vørringsutstikkeren, rundt Yermakplatået i Polhavet og rundt Bouvetøya er dei mest lovande områda for mineralutvinning på havbotnen. Dette er svært sårbare arktiske og antarktiske havområde med eit klima som i tillegg kan gje svært vanskelege arbeidsforhold. Det vil vere stor risiko for alvorleg skade på havmiljøet dersom det blir opna opp for gruvedrift her.

Bouvetøya

I Merknader til § 1-3 står det at det ikkje vil være aktuelt å tillate verken undersøkingar eller utvinning i freda område. Bouvetøya og dei nærliggjande territorialfarvatna blei freda som naturreservat i 1972, og vi meiner derfor at det heilt klart ikkje kan vere aktuelt å vurdere mineralutvinning rundt Bouvetøya, sjølv utanfor territorialfarvatnet.

Polhavet

Dei norske områda i Antarktis er unntatt føresegnene i lovutkastet fordi all mineralaktivitet her er forbode etter artikkel 7 i Miljøprotokollen til Antarktistraktaten. Vi meiner dei same omsyna burde tas også for Arktis. Særleg Polhavet burde vere heilt uaktuelt for mineralutvinning. Miljøet i Arktis er

sårbart og påverkast lett av menneskeleg aktivitet, både direkte og indirekte. Effektar av klimaendringane er ekstra store i Arktis, med smelting av havis og endring i stabiliteten i hav og luft. I tillegg kjem påverknadar frå skipstrafikk, fiske og oljeaktivitet. Det siste det sårbare arktiske miljøet treng er endå større inngrep og menneskeleg påverknad. Mineralutvinning rundt Yermakplatået i Polhavet burde derfor vere heilt uaktuelt.

Norskehavet

Dei djupe havområda i Norskehavet spelar ei kritisk viktig rolle i jordas biosfære ved å regulere temperatur og lagre karbon, og er heim til ei lang rekke artar. Vi har liten kunnskap om økosystema knytt til havbotnen i Norskehavet, men frå djuphavs fjell i tilgrensande område er det kjent ein rik botnfauna med svamp, mosdyr, kalkkrørsormar, muslingar, pigghuder og havbørsteormar. Spesielt aktuelle for mineralutvinning vil vere områda med hydrotermiske ventilar/svarte skorsteinar langs den midtatlantiske ryggen. Dette er område der det straumar ut varmt vatn (400°C) med oppløyste metall og mineral. Bakteriar som lever her er første ledd i næringskjeder som kan innehalde ei lang rekke nye artar. Undersøkingar frå tilsvarende område andre stadar har avdekkja unike økosystem som ikkje finnes nokon andre stadar¹.

I følgje den oppdaterte forvaltningsplanen for Norskehavet er det så langt oppdaga sju aktive og to inaktive hydrotermale felt på djup mellom 140 og 2400 meter i Norskehavet. Det er felta nordaust for Jan-Mayen som er best kartlagt til no. Her er det mellom anna funnet ein liten snegleart, store sjøanemonar, fleire artar kjøttetande svamp, hydroider og store mengder sjøliljer. Ved andre felt er det registrert andre artar. Lokeslottet er den førekomsten som inneheld dei største mineralavsettingane som til no er påvist i Norskehavet. Dette er også der det er påvist det mest unike økosystemet, med ein fauna som er sær eigen også blant djuphavsområda, med fleire endemiske artar².

Noko av det spesielle med økosystem rundt hydrotermiske ventilar er nettopp at dei er veldig varierte. Dette kjem av stor variasjon i metallinnhald, havdjup, temperatur og andre oseanografiske forhold. Det er derfor nødvendig med grundige studiar av kvar lokalitet, ettersom variasjonen i biologi og artssamansetting kan vere enorm. Å skaffe gode data frå t.d. Mohnsryggen har derimot vist seg å kunne bli vanskeleg, ettersom den ligg i møtepunktet mellom fleire djuphavs basseng med veldig forskjellige vassmassar, og på grunn av den svært ujamne topografien og dei kompliserte straumforhalda.

Området med den midtatlantiske ryggen nord-nordaustover frå Jan Mayen til Framstredet fell også saman med den arktiske front, området der det varme vatnet frå Atlanterhavet møter det kalde og mindre salte vatnet frå Arktis. Forvaltningsplanen for Norskehavet peikar ut dette området som ekstra verdifullt på grunn av høg produktivitet og høg biodiversitet. Oppblomstring av planteplankton gir opphav til store mengder dyreplankton som krill og raudåte, som igjen er næring for fisk, sjøfugl og sjøpattedyr, mellom anna fleire kvalartar. Også områda rundt Jan Mayen er peika ut som spesielt sårbare på grunn av havstraumar søm møtast og gir grunnlag for høg produksjon og store førekomstar av dyreplankton, fisk, sjøfugl og sjøpattedyr. Drivisområdet (Vesterisen) som blir danna kvar vinter nord for Jan Mayen er det einaste området i Norskehavet der det blir danna store stabile

1 St.meld. nr. 37 (2008–2009) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Norskehavet

2 Meld. St. 35 (2016 – 2017) Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet

areal av vinterfrossen is. Vesterisen er derfor heilt vesentleg som yngleområde for grønlandssel og klappmyss.

For å avgrense spreing av avgangsmasser blir det i høyringsutkastet foreslått deponering så nærme havbotnen som mogleg, og i område som er lite utsatt for straum. Dei aktuelle områda i Norskehavet er kjenneteikna nettopp ved dei sterke havstraumane som møtast og omveltingane som skjer i vassmassane, og burde også derfor vere uaktuelle for mineralutvinning.

Norskehavet er eit av verdas mest produktive havområde og eit svært viktig oppvekstområde for rike fiskeressursar. Oppgraving av havbotnen, sedimentskyer, forstyrring av dyreliv, toksiske effektar i vassøyla og endra hydrologiske forhold er nokre av effektane desse sårbare økosystema kan bli utsette for viss det blir gitt løyve til mineralutvinning her.

Oppsummert er det ut frå miljøomsyn ingen av områda som er aktuelle for mineralutvinning.

Miljøkonsekvensar av gruvedrift på havbotnen

På dei store havdjupa har vi i dag lite kunnskap, både om korleis økosystema fungerer, kva artar som lever her, og kva som er dei direkte konsekvensane, samt langtidskonsekvensar, av menneskeleg påverknad. Ein studie av menneskeleg påverknad på dei store havdjupa viser at gjennom historia har den menneskelege påverknaden utvikla seg frå i hovudsak å bestå av dumping av avfall til å bevege seg meir i retning utnytting av ressursar³. Framover er klimaendringane forventa å bli ein større trussel, som også vil kunne forsterke forstyrringar forårsaka av fiske, forureining og ein mogleg framtidig gruvedrift på havbotnen.

Dei negative miljøeffektane av mineralutvinning på havbotnen kan bli svært alvorlege. Marinbiologar fryktar at unike biologiske samfunn vil bli øydelagt, artar som ikkje endå er identifisert bli utrydda, og sårbare økosystem på havbotnen kan bruke hundrevis av år på å ta seg opp igjen.

Ein [rapport](#) utarbeida av Senter for geobiologi og dypvannsstudier ved Universitetet i Bergen, finansiert og utgitt av Miljødirektoratet, viser at mineralutvinning på havbotnen vil føre til store naturinngrep⁴. Direkte effektar av gruvedrifta inneberer tap av habitat og dyreliv søm følgje av at det blir knust av tungt maskineri, som vil lage store sår i landskapet. Indirekte effektar inkluderer mekanisk stress frå sedimentering og biokjemisk stress gjennom frigjering av giftige metall til vassøyla. Sulfidiske mineral vil bli eksponert til sjøvatnet, der dei vil oksidere og kan frigjere tungmetall til miljøet. Sedimentskyer av finmalte partiklar som i tillegg til tungmetall også vil kunne innehalde kjemikaliar brukt i utvinningsprosessen, kan spreie seg over relativt store område.

Spesielt om hydrotermale ventilar

Økosystem rundt hydrotermale ventilar er utvikla og tilpassa dei lokale forholda, som viser stor variasjon mellom ulike område med hydrotermale ventilar. Ein nyleg publisert studie frå California-gulfen viser at variasjonen kan vere mykje større enn det ein tidlegare har trudd. To nabolokaliteter, Pescadero Basin og Alarcón Rise, viste seg å berre ha 7 av 61 artar felles, og det vart oppdaga 10 artar

³ Ramirez-Llodra, Eva, et al. "Man and the last great wilderness: human impact on the deep sea." PLoS One 6.8 (2011): e22588.

⁴Miljødirektoratet Rapport M-532, 2016. Environmental challenges related to offshore mining and gas hydrate extraction

som var nye for vitskapen⁵. Fleire andre studiar viser også at kvart område med hydrotermale ventilar er unikt, ofte med fleire artar som er utvikla lokalt og ikkje finnes nokon anna plass. Mineralutvinning vil difor medføre risiko for å utrydde artar⁶. Sjølv om mange av artane som lever her har stor spreingsevne, vil bruk av tungt maskineri, knusing og fjerning av substrat og eventuell deponering av avgangsmasse, endre både landskapet og det fysiske substratet, og dermed gjere rekolonisering vanskeleg eller uaktuelt for mange artar. Fordi økosystema rundt dei hydrotermale ventilane er så forskjellige vil det også være svært usannsynleg at alle artar som går tapt ein stad finnes i nærliggande område. Det er derfor å forvente at det opphavlege livet aldri vil vende tilbake til eit øydelagt område.

Generelt om miljøskade

Det vart nyleg publisert ein artikkel i journalen Nature Geoscience der ei internasjonal gruppe av 15 forskarar innanfor marine fag, ressursøkonomi og jus argumenterte for at tap av biodiversitet frå mineralutvinning på havbotnen vil vere uunngåeleg og potensielt irreversibelt⁷. Dei viser til at økosystem og artar på djuphavet kan bruke fleire tiår, eller til og med århundrer, på å hente seg inn igjen etter å ha blitt forstyrra, viss dei i det heile tatt klarar å hente seg inn igjen. Artar som ikkje ein gong er oppdaga endå vil gå tapt, og restaurering etter at gruvedrifta er avslutta vil vere svært urealistisk, med tanke på dei havdjupa og det arealet det er snakk om, og dei kostnadane og den uprøvde teknologien det vil innebere.

I høyringsutkastet blir det nemnt at mineralutvinning på havbotnen kan ha negativ påverknad på marine artar, føre til varige skader på havbotnen og øydelegge leveområde for marine organismar. Det blir vist til at det kan ha negativ påverknad på fiskeri, havbruk og bioøkonomi, og vere ein utfordring for sjømattryggleiken. Sårbar botnfauna som korallrev og svampsamfunn kan bli nedslamma, og sjeldne naturtypar og spesielle artar rundt hydrotermiske ventiler kan bli skadelidande. I tillegg kan støy, ristingar og bruk av kunstig lys påverke organismane i området. Likevel blir det sagt lite om korleis ein har tenkt å unngå desse negative påverknadane på miljøet. § 1-6 andre ledd seier at «Alle rimelige foranstaltningar skal tas for å unngå skade på dyre- og plantelivet i havet, kulturminner på havbunnen, og forurensning og forsøpling av havbunnen, dens undergrunn, havet, luften eller på land». Kva er «rimelege foranstaltningar» i denne samanheng? Per i dag synes det ikkje å vere mogleg å drive gruvedrift på havbotnen utan å skade dyre- og plantelivet i havet. Ein ny lov må sette mykje tydelegare miljøkrav. Slik lova er utforma no, er vi redd dei svake miljøkrava ikkje vil hindre at omsynet til profitt blir satt føre dei alvorlege miljøkonsekvensane gruvedrift kan føre til.

Kven bør ha forvaltningsansvaret?

I høyringsutkastet står det at «Med virkning fra 1. april 2017 ble forvaltningsansvaret for undersøkelse og utnyttelse av mineralforekomster på kontinentalsokkelen overført fra Nærings- og fiskeridepartementet til Olje- og energidepartementet.» Vi er sterkt kritiske til om det er riktig å gje

⁵ Goffredi, S., Johnson et. Al, 2017. [Hydrothermal vent fields discovered in the southern Gulf of California clarify role of habitat in augmenting regional diversity](#). Proc. R. Soc. B

⁶ Cindy LeeVan Dover 2014, Impacts of anthropogenic disturbances at deep-sea hydrothermal vent ecosystems: A review, [Marine Environmental Research, Volume 102](#),

⁷ Duke University. "Biodiversity loss from deep-sea mining will be unavoidable." ScienceDaily. 26 June 2017. www.sciencedaily.com/releases/2017/06/170626124544.htm

Olje- og energidepartementet ansvaret for å forvalte mineralressursane på havbotnen, og meiner dette ansvaret burde blitt verande hos Nærings- og fiskeridepartementet. Gruvedrift på land, samt fleire næringar som det kan oppstå interessekonfliktar med, høyrer inn under NFD, og då burde også gruve drift på havbotnen gjere det. Det er eit stort ansvar å skulle forvalte ein ny industri med potensielt store miljøeffektar og konfliktar med andre næringar, og det er viktig med kunnskapsbygging og godt samarbeid med alle relevante fagmiljø og på tvers av fleire departement.

Opningsprosess

Det er i utgangspunktet positivt at det leggest opp til eit system der undersøking og utvinning av mineral frå havbotnen følger same prinsipp som for petroleumsressursane, slik at det er staten som bestemmer kva for område som kan opnast for mineralutvinning, i staden for at gruveselskapa søker fritt. På denne måten er det lettare å utøve ei heilskapleg forvaltning. Samtidig ser vi av erfaring med konsesjonsrundane for oljeutvinning at miljøomsyn og anbefalingar frå Miljødirektoratet og andre fagorgan på miljø konsekvent blir avvist. Skal ein slik ordning fungere må det derfor grundige konsekvensutreiingar til, der miljøråd faktisk blir lytta til. Når det i tillegg kjem fram at «Foranledningen til at myndighetene igangsetter utlysning kan være av eget tiltak, eller at den første søknaden om utvinningstillatelse i området er mottatt» og at «Unntaksvis må man således kunne tildele direkte etter søknad» tyder dette på at det vil bli ei utvatning av prinsippet med ein opningsprosess, og at målet er å gjere det lettast mogleg for dei som ynskjer å starte opp med mineralutvinning uavhengig av kor det er.

Uklart forslag til lovtekst om opningsprosessen og KU

I forslag til lovtekst står det:

§ 2-1 Åpning av områder for mineralvirksomhet

(1) Kongen i statsråd kan beslutte at et nærmere avgrenset område av norsk kontinentalsokkel skal åpnes for mineralvirksomhet.

(2) Før et område åpnes etter første ledd skal departementet gjennomføre en strategisk konsekvensutredning.

(3) Utkast til beslutning om å åpne et nytt område for mineralvirksomhet, med tilhørende konsekvensutredninger, skal sendes på høring. Interesserte skal normalt gis en frist på minst tre måneder til å uttale seg.

Vi er glade for at det er foreslått at KU skal vera offentleg styrt, men i følgje denne lovformuleringa ser det ut til at KU alltid vil bli lagt fram saman med forslag til opningsvedtak.

Her dreier seg om så stor og omfattande risiko for miljøskade at vi foreslår at lovteksten blir endra, slik at det blir slått fast at det skal vera to separate vedtak, eit vedtak om å gjennomført ei KU med tilhøyrande høyringsrunde, og eit vedtak, etter at KU med høyringsrunde er over, om eventuelt å leggja fram forslag til opning av eit område.

Det er viktig med ein open debatt etter framlegging av ei KU for å få fram alle sider av risikoen for miljøskade før regjeringa eventuelt gjer vedtak om å fremme forslag om opning av eit område.

Ut i frå den store potensielle risikoen for miljøskade ber vi også om at «føre var» prinsippet blir presisert i lovteksten.

Konflikt med fiskeri og andre næringar

Det er potensielt store konflikter mellom fiskeri og gruvedrift på havbotnen, spesielt på grunn av utslepp og forureining av det marine miljø som følge av mineralutvinning og eventuell dumping av avgangsmassar. Fleire av dei aktuelle områda som er nemnt i høyringsutkastet ligg i område i Norskehavet som er spesielt produktive, og dermed viktige for heile næringsnettet i havet. Fiskeriene er avhengige av eit reint og produktivt hav og forureining frå gruveveringa kan vere skadeleg for marine organismar og utgjere ein risiko for sjømattryggleiken. Det er viktig å ta omsyn ikkje berre til sjølve fiskeriaktiviteten, men også til sjølve naturgrunnlaget til norske fiskerier. Spesielt er det viktig å ta vare på viktige gyte- og oppvekstområder, noko som ikkje er nemnt i høyringa.

Høyringsutkastet viser til at ein kan gjere nytte av erfaringane frå sameksistens mellom fiskeri og petroleumsvirksomheit på norsk sokkel. Her vil vi viser til Fiskarlaget som i sitt høyringssvar poengterer at denne sameksistensen har vore lite vellykka sett frå fiskerinæringa si side.

Forhold til anna norsk lovverk

Naturmangfaldsloven

Mange av prinsippa i Naturmangfaldsloven gjeld også på kontinentalsokkelen, mellom anna forvaltningsmåla i §§ 4 og 5, § 8 om kunnskapsgrunnlaget, § 9 med føre-var prinsippet og §10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Studien utført av Senter for geobiologi og dypvannsstudier ved UiB viser kor omfattande og stadsspesifikke undersøkingar som må til for å ha ein baseline for i det heile tatt å kunne vurdere føre-var prinsippet⁸. Dette inneberer mellom anna studiar av artssamansetting, biologi og samfunnsstruktur i det aktuelle området, samt store areal rundt med tanke på rekolonisering, undersøking av sesongmessige variasjonar, lange tidsseriar over biologi og geokjemi, oseanografiske data og hydrografiske forhold som t.d. naturlege sedimentasjonsrater og liknande som er nødvendig å ha kunnskap om for å kunne skilje påverknad frå gruvedrift frå naturlege variasjonar.

Vi er redd det kappløpet vi no ser for å komme fortast mogleg i gang med mineralutvinning på havbotnen vil føre til eit press om å opne opp areal for mineralutvinning før vi har det nødvendige kunnskapsgrunnlaget på plass.

Forhold til internasjonalt regelverk og konvensjonar

Verdas hav er sterkt truga av aukande forureining, forsuring og tap av biologisk mangfald. Derfor var Noreg med på å vedta FN's berekraftsmål i november 2015, der utviklingsmål 14 er innretta på vern av havet: "Bevare og bruke hav og marine ressursar på en måte som fremmer bærekraftig utvikling", med delmål om å "Hindre og gjennomføre ein sterk reduksjon av alle typar marin forureining fram mot 2025." Skal vi nå dette målet må alle land ta ansvar, i tillegg til at vi må få på plass fungerande og sterke internasjonale avtalar mot forureining av havet.

⁸ Miljødirektoratet Rapport M-532, 2016. Environmental challenges related to offshore mining and gas hydrate extraction

Per i dag finnes det ikkje fungerande internasjonalt lovverk som regulerer gruvedrift på havbotnen, verken innanfor eller utanfor nasjonal jurisdiksjon. Det blir derimot jobba i fleire forum for å få dette på plass. Den internasjonale havbunnsmyndigheten (ISA) har ansvar for å forvalte mineralressursane på djuphavsbotnen utanfor kyststatane sin kontinentalsokkel, medan Londonkonvensjonen og protokollen også gjeld innanfor nasjonal jurisdiksjon. Etter havrettskonvensjonen har kyststatane ei plikt til å ivareta miljøet på kontinentalsokkelen.

Londonkonvensjonen om bekjemping av havforureining ved dumping av avfall og anna materiale, var ein av dei første avtalane for å beskytte havmiljøet frå menneskeleg aktivitet og forureining. Konvensjonen som trådte i kraft i 1974 skal fremme effektiv kontroll av alle typar havforureining, og vere eit praktisk verktøy for å forhindre havforureining. I 1996 vart det vedtatt ein tilleggsprotokoll, Londonprotokollen, som førte til at meir eller mindre alt havutslepp vart forbode. Eit unntak er nettopp avfall som stammer frå mineralutvinning på havbotnen, som per i dag ikkje er dekkja av protokollen (Article 1.4.3)⁹. Dette vart i 2015 påpeikt som eit problem av «governing bodies to the London Convention and Protocol», som såg behov for å revidere den manglande lovgevinga relatert til gruvedrift på havbotnen¹⁰.

Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) er FN sitt organ for regulering av internasjonal sjøfart. Dei jobbar for å motvirke marin forureining frå skip, og er mellom anna sekretariat for Londonkonvensjonen og protokollen. I IMO sitt langtidsprogram er arbeid med å regulere dette spørsmålet eit tema dei vil følgje opp framover. Ei eiga arbeidsgruppe (WG 42) er no satt ned for å sjå på miljøpåverknadane av avfall frå gruvedrift som blir dumpa på havet, både frå landbasert gruvedrift og gruvedrift på havbotnen.

Vi ser ingen grunn til at ikkje dei generelle reglane i Londonkonvensjonen og protokollen også bør gjelde for avfall som resulterer frå gruvedrift, og at dette bør bli avspegla i norsk politikk og lovverk.

Kva vil skje med gruveavfallet?

I høyringsutkastet står det lite om kva som skal gjerast med restmassen etter gruveutvinning på havbotnen. Det kjem derimot fram av § 1-7 bokstav a, andre ledd, at «deponering av eventuelt overskuddsmateriale fra driften» inngår som del av definisjonen av utvinning. Vidare kjem det fram at deponering av overskotsmateriale skal behandlast etter forureiningsloven. Under kapitel 5.3.3 om forholdet til Forureiningsloven står det at «Med mindre avfallet gjenvinnes eller det er gitt tillatelse til å behandle avfallet offshore, må avfallet bringes til lovlig avfallsanlegg på land».

Under kapittel 4.5.1 om miljøeffektar i høyringsutkastet kjem det fram at:

Mineralutvinning på havbunnen vil også kunne medføre utslipp av avgangsmasser, som igjen kan føre til nedslamming med negative konsekvenser for sårbar bunnfauna, slik som korallrev og svampsamfunn. Havstrømmer kan frakte rester fra utvinning på tvers av økosystemer. Deponering av avgangsmasser må vurderes ut fra massenes miljøegenskaper og

⁹ 1996 PROTOCOL TO THE CONVENTION ON THE PREVENTION OF MARINE POLLUTION BY DUMPING OF WASTES AND OTHER MATTER, 1972 (as amended in 2006)

<http://www.imo.org/en/OurWork/Environment/LCLP/Documents/PROTOCOLAmended2006.pdf>

¹⁰ LC-LP.1/Circ.69 20 January 2015. CONVENTION ON THE PREVENTION OF MARINE POLLUTION BY DUMPING OF WASTES AND OTHER MATTER, 1972 AND ITS 1996 PROTOCOL. Invitation to provide information on deep seabed mining practices

miljøverdiene i det aktuelle området. Strømforhold som kan påvirke sedimenteringen må også kartlegges. Egnede steder for deponering av massene, enten på sjøbunnen eller på land, må vurderes ut fra dette.

Dette avsnittet viser klart at lovteksten slår fast at sjødeponi av avgangsmassene frå gruvedrift vil bli vurdert, på tross av den auka belastninga dette vil føre til for sårbare økosystem på havbotnen. I dag er Noreg eit av berre fem land i verda som tillèt dumping av gruveavfall i sjø, medan mange land har slutta med denne praksisen på grunn av dei store miljøeffektane. Vi frykter at å opne opp for å dumpe avgangsmasse frå mineralutvinning på havbotnen i sjødeponi igjen vil auke omfanget av sjødeponi, med dei alvorlege miljøkonsekvensane det kan føre til.

Det har tidlegare vore den rådande oppfatninga at det er lite liv på djupe havområde. Nyare forskning referert tidlegare i høyringsvaret viser at dette er feil, og at dei mest artsrike områda ofte er dei same som er mest interessante for mineralutvinning. Det same gjeld vassutskifting og kontakt mellom djupe og høgare vasslag. Det er derfor lite som tyder på at det vil vere mindre skadeleg å dumpe gruveavfall på djupe havområde enn på grunne. Ein studie av to sjødeponi i Papua New Guinea ned til over 2000 meters djupne viste endring i botndyrssamfunn opp til ti år etter dumping, og tydelege effektar av dumping 20 km frå utsleppstaden¹¹.

Stor internasjonal motstand mot gruvedrift på havbotnen

Samtidig som fleire og fleire planar om mineralutvinning på havbotnen blir lagt fram veks også motstanden mot å opne opp for slik gruvedrift. Mange havforskarar åtvarar om at resultatet kan bli stort tap av naturmangfald. Lokalbefolkninga protesterer kraftig mange stadar og mange lokale, nasjonale og internasjonale miljøorganisasjonar engasjerer seg for å stanse planane. I forbindelse med FNs havkonferanse i juni i år samla 38 organisasjonar seg bak ein uttale om å stoppe gruvedrift på havbotnen¹². Fleire nasjonale organisasjonar samarbeider og har utvikla kampanjar for å hindre at det blir opna opp for gruvedrift, som t.d. "The Deep Sea Mining Campaign (DSMC), som er eit samarbeid mellom organisasjonar frå Stillehavsøyene, Australia, Canada og USA¹³. Mellom anna på New Zealand¹⁴, Papua New Guinea¹⁵ og Filippinene¹⁶ møter gruveselskap og myndigheiter sterk motstand frå lokalbefolkning, fiskarar og urfolksgrupper som er bekymra for miljøeffektane av gruvedrift på havbotnen. Det er sannsynleg at motstanden berre vil vekse ettersom planane blir fleire og kjem nærare realisering.

¹¹ Hughes, D. J. *et al.* Ecological impacts of large-scale disposal of mining waste in the deep sea. *Sci. Rep.* 5, 9985; doi: 10.1038/srep09985 (2015).

¹² <http://www.seas-at-risk.org/15-eu-marine-strategy/741-seas-at-risk-spearheads-global-ngo-call-to-halt-deep-sea-mining.html>

¹³ Deep sea mining campaign: <http://www.deepseaminingoutofourdepth.org/>

¹⁴ Kiwis against seabed mining: <http://kasm.org.nz/inside-kasm/about/>

¹⁵ Papua New Guinea Mine Watch: <https://ramumine.wordpress.com/>

¹⁶ <https://ramumine.wordpress.com/2017/06/08/opposition-will-not-let-up-to-planned-seabed-mining-in-philippines/>

Konklusjon/Samandrag

Dei djupe havområda er relativt lite utforska, men det er ingen tvil om at dei spelar ei viktig rolle for livet i havet og for jorda som heilheit. Ettersom dei blir meir og meir utforska kjem dette tydelegare og tydelegare fram, men det blir også tydelegare at dei allereie er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet. Dei mest artsrike og unike områda er ofte der det er stor geologisk aktivitet, dei same områda som er mest interessant for mineralutvinning. Gruvedrift i desse områda vil ha store negative miljøeffektar og kan føre til utrydding av artar vi ikkje ein gong kjenner til. Ingen av områda som er nemnt som spesielt attraktive for mineralutvinning på norsk sokkel i dette høyringsutkastet vil vere forsvarleg å utvinne av omsyn til miljøet.


Det nye lovforslaget er for svakt til å kunne hindre store naturødeleggingar som følgje av mineralutvinning på havbotnen, og vi veit ikkje kor mykje større belastning havet toler. Naturvernforbundet, Sabima og Greenpeace meiner derfor at det ikkje er forsvarleg å opne opp for gruvedrift på havbotnen. Ressursar må i staden settast inn på betre utnytting av ressursane frå eksisterande gruvedrift, betre gjenvinning av mineral og lågare forbruk. Då vil det heller ikkje vere behov for å utvinne mineral frå havbotnen.

Vi foreslår at det innføres eit moratorium på mineralutvinning på havbotnen inntil det er gjort grundige kartleggingar av økosystema som vil bli berørt, inntil ein har fått bukt med miljøutfordringane knytt til landbasert gruvedrift og inntil det har blitt gjennomført ei skikkeleg vurdering på det reelle samfunnsmessige behovet for å opne opp havbotnen for mineralutvinning.


Med vennleg helsing



Silje Ask Lundberg
leiar, Naturvernforbundet



Christian Steel
generalsekretær, Sabima



Truls Gullowsen
leiar, Greenpeace Norge